



Klepp kommune
Solavegen 1
4352 KLEPPE

Trondheim, 22.06.2018

Dykkar ref.:
18011263 Peter Willmann

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2018/2540

Sakshandsamar:
Bjørkum, Ida

Tildeling av tilskot - Mobilitetspunkt Klepp stasjon

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot av 15.02.2018 med referansenummer 18S865CC. Det er søkt om eit tilskot på kr 2 461 000. Miljødirektoratet gir med dette ei tilsegn om seinare utbetaling av tilskot på kr 2 400 000. Tiltaket som blir gitt tilsegn om tilskot er "Mobilitetspunkt Klepp stasjon".

Beskriving av tiltaket:

"Bakgrunn for søknaden

Kommunesenteret Kleppe/Verdalen ligg 3 km frå Klepp stasjon, togstopp for Kleppe på Jærbanen. Det er etablert tilbringerbuss (Kolumbus rute 59) som bare korresponderer med nordgåande tog (mot Stavanger/Sandnes). Det er ikkje korrespondanse mot sørgåande tog til regionscenter Bryne.

Kvifor er Klepp dårleg på å bruke kollektivtransport?

Det er ingen busstilbod på søndager, få på laurdag og natt/kveld. Det er høg terskel om å bruke buss i Klepp (takstsonегrense gjer at det koster 65 kr til Sandnes, 12 min med buss. Klepp kommune har sett av midlar for at Kolumbus kan auke frekvensen. Det krevs fysisk tilrettelegging på Klepp stasjon for å få bussen fram. Elles kan ein ikkje forvente at innbyggjarane lar bilen stå!

Kva er utfordringane som krev ei løysing gjennom omsøkt tiltak?

Lang gangavstand (120 m/ 120 sek) mellom dagens busshaldeplass og toget gjer at overgang buss - bane oppfatast som negativt. Etablering er ein ny busshaldeplass nærast mogleg togperrongen vil auke attraktiviteten. Det vil og redusere dødtid/ventetid for bussen slik at den kan klare ein ekstra tur.

Dette skal vi gjere for å utvikle Klepp stasjon som mobilitetspunkt for buss og sykkel og Jærbanen!

Stasjonsområdet er idag dominert av pendlerparkering. Nå skal kollektiv og sykkel få dei beste områda på stasjonen:

- Bussen skal kome nærast perrongen for å auke komfort og redusere tidstap. Bussen skal kome fram med egen køyrefil uavhengig av biltrafikk til parkeringsområde på Stasjonen.
 - Syklistar skal få app-styrte låsbare bokser for at du kan vere trygg på at sykkelen er der når du kjem tilbake frå byen.
 - Klepp skal etablere Kolumbus sin "Bysyssel"-ordning. Bysykkelen skaper mobilitet for alle på den siste strekningen mellom kollektivtransport og målpunktet. Sykkelsatsing på stasjonsområde kompletterer kommunale planar for egen sykkelveg med fortau frå Kleppe mot Klepp stasjon. Klepp ønskjar å starte med 20 Bysyssel og 40 ladepunkt i 2018 på Klepp stasjon, Kleppe og Orstad.
- Klepp kommune skal etablere ein "gjer det sjølv" verkstad i biblioteket sine lokaler i Klepp rådhus. I Kolumbus sine farger og logo! Sykkelverkstaden skal vise at vi satser på deg som sykklar!

Bilparkering er gratis i Klepp! Endeleg eit gratis tiltak for alle med sykkel.

Biblioteket er sjølvbetent 24/7. Ideelt for å fikse sykkel når DU har tid og treng å skifte slange.

Mobilitetspunkt Klepp stasjon er utvikla i samarbeid mellom Klepp kommune, Bane NOR og Kolumbus. "

BAKGRUNN

I 2018 fekk Miljødirektoratet fekk 355 søknader til tilskotsordninga Klimasats - støtte til klimasatsing i kommunane". Samla søkesum var 318 millionar kroner. Ramma for tildeling er 147 millionar i 2018. Det betyr at fleire klimatiltak ikkje får tilskot, og at nokre får mindre enn dei har søkt om.

Føremålet med ordninga er å medverke til reduksjon av klimagassar og omstilling til lågutsleppsamfunnet. Miljødirektoratet har vurdert søknadene i samsvar med kriterier for tildeling og prioritering. Ved prioritering av søknadene har vi lagt vekt på:

- Potensial for reduserte utslepp.
- Grad av innovasjon i omstilling til lågutsleppsamfunnet.
- Overføringsverdi og at potensial for positive ringverknader.
- Realistisk budsjett knytt til kostnader, og plan for gjennomføring og framdrift.
- Ambisjonar for reduserte klimagassutslepp ut over minimumskrav i lover og forskrifter.
- Andre effektar av tiltaket, positive og negative.
- At tiltaket ikkje har rett til støtte frå andre statlege ordningar.

VURDERINGA TIL MILJØDIREKTORATET

Klepp kommune søker kr 2,461 mill. i støtte for å gjere Klepp stasjon om til eit mobilitetspunkt og på denne måten få fleire til å nytte kollektivtransport, sykkel og gange. Dette inneber blant anna å legge gang- og sykkelveg direkte til inngangen til togstasjonen og å samlokalisere busshaldeplassen med togstasjonen for å gjere overgangen mellom transportmidlane enklare og meir saumlaus. Ved togstasjonen skal det etablerast sikker sykkelparkering for private sykklar og dele-elsyklar. Eلسyklane til deling er del av eit anna prosjekt som òg får støtte gjennom Klimasats.

Klepp ligger akkurat utanfor området for byvekstavtalen for Nord-Jæren. Takstsonene for bussen slår uheldig ut slik at billettene blir svært dyre for ei ganske kort strekning. Det trengs difor ekstra tilrettelegging for å auke andelen som nyttar kollektivt og sykkel på framfor bil. Kommunen har høge ambisjonar om å få fleire reisande over på sykkel og kollektivt.

Det er positivt at Klepp kommune legg til rette for at kollektiv og sykkel skal få dei beste områdene som nyttast til pendlarparkering i dag. Vidare er det positivt at Klepp vurderer ytterlegare restriksjonar på parkeringsplassane, slik som oblatparkering for dei som ikkje har reelt alternativ til bil. Denne "pakken" av tiltak aukar sannsynligheiten for at tiltaka lykkes ved at fleire vel sykkel kollektivt, og vi har lagt vekt på det i vurdering av søknaden. Det er også lagt inn tiltak for måling og teljing av effekt, noko som kan auke læringseffekten og overføringsverdien til andre kommunar.

Miljødirektoratet støtter etablering av sikker sykkelparkering ved kollektivknutepunkt, slik at sykkel kan kombinerast med kollektivtrafikk og erstatte lengre bilreiser, noko som aukar sannsynlighet for klimagassreduksjonar. Vi støtter også anna opparbeiding av mobilitetspunktet som skildra i søknaden. Miljødirektoratet gjer lovnad om ei samla støtte på kr 2 400 000 til gjennomføring av tiltaka.

KRAV TIL RAPPORTERING OG UTBETALING

Utbetaling skjer seinare, på grunnlag av innsendt rekneskap og rapport. Rapportering skjer i elektronisk søknadssenter. Logg på med same brukar som leverte søknaden.

Rekneskapen skal vere stadfesta av økonomisjef eller tilsvarande, kommunerevisjon eller ekstern revisor. Dersom det er planlagt kommunal arbeidstid som del av kommunens eigeninnsats rekneskapsføres denne med inntil kr 500 per time. Timelister skal ikkje leggas ved regnskapet.

Vi ber om at rapporten inkluderer:

- Reisevaneundersøkingar eller trafikkteljingar som viser talet på brukarar før og etter tiltak, og endring i reisemiddelfordeling på den aktuelle staden.
- Til dømes systematisk og samanliknbare teljingar av syklistar som nyttar sykkelparkeringa/ andre sykkelfasilitetar, før og etter tiltak

FRIST FOR Å AKSEPTERE TILSEGNA

Frist for å akseptere tilsegna er 1. september 2018 . Tilsegna aksepterast i søknadssenteret. Logg inn med same brukar som leverte søknaden.

Lykke til med arbeidet!

Denne avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak og kan dermed ikkje påklagast, jamfør forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav a og b, jamfør fjerde ledd.

Følgjande rapportering er ein føresetnad for tilsegna om tilskot:

Skal leverast	Beskriving	Frist
---------------	------------	-------

Sluttrapport	Sluttrapport med bekrefta rekneskap	01.11.2019
Erfaringsrapport avsluttet prosjekt	Erfaringsrapport etter eitt års bruk	01.11.2020

Beløpet vil bli utbetalt innanfor følgjande plan:

Planlagt utbetalt	Beskriving	Beløp
201912	Utbetaling av tilskot	2 400 000

Tilsegna er gyldig til 15.12.2019. Dersom rapporteringa som vist ovanfor ikkje blir overhalden, fell tilsegna om tilskot bort, og tilsegnsbeløpet vil då bli omdisponert til andre formål.

Dersom føresetnadene for å gjennomføre tiltaket blir endra vesentleg eller fell bort (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdriftsmessig), skal Miljødirektoratet ha beskjed med det same.

Vi gjer merksam på at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen med heimel i løyvingsreglementet kan kontrollere om tilskotet er nytta i samsvar med føresetnadene.

Vi gjer vidare merksam på at Miljødirektoratet heilt eller delvis kan krevje eit eventuelt utbetalt tilskot tilbakebetalt dersom midlane ikkje blir brukte i samsvar med føresetnadene, eller føresetnadene for tilsegna fell bort.

Rekneskapsbilag knytte til gjennomføringa av tiltaket skal oppbevarast i minst ti år, eller i samsvar med rekneskapslova dersom verksemda di er underlagd denne.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Herdis Laupsa
seksjonsleder

Kirvil Stoltenberg
prosjektleder

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi:
Fylkesmannen i Rogaland

. . .